

## Løypemelding ULK 17/2 2015

Kommuneplan 2014-2025 har følgjande overordna retningsval - kor vil vi – relatert til tema helse, sosial og omsorg:

- ✓ Vi skal yte tenester med god kvalitet basert på respekt og toleranse for den einskilde brukar.
- ✓ Vi skal gje barn og unge best mogleg tilbod for å førebyggje fysiske og psykiske sjukdomar.
- ✓ I Meland skal det vere godt å bu i alle livssituasjonar. Vi skal ha attraktive og varierte bumiljø.
- ✓ Meland kommune skal gje tilbod til menneske med ulike hjelpebehov i alle aldrar, i form av pleie- og omsorgstenester og bustader med god kvalitet.
- ✓ Ta vare på og rekruttera fagpersonell. Opplæring og kompetansehevande tiltak i alle grupper.

Desse måla er og synleggjort i tabell under med presisering av Kva gjer vi. Kva gjer vi er solei presisert med egne mål og strategiar for HSO i komande 4 årsperiode 2015-2018.

KOMMUNEPLAN Kva gjer vi – helse	Temaplan – HELSE		Handlings- og tiltaksplan				
	Mål	Strategi	Tiltak	År	0-24	25-67	67 +
<p>Sikre god tilgang til allmennlegetenester for alle innbyggjarar og ha effektiv drift av legetenesta.</p> <p>Betra tilbod for kvinner med tidleg heimreise frå Kvinneklubben.</p> <p>Tidleg identifisering og førebyggja psykiske sjukdomar.</p> <p>Vi skal sikre god kapasitet ved helsestasjonsverksemda.</p> <p>Vi skal styrkje skulehelsetenesta.</p>	<p><b>Legetenesta</b> Systematisk bruk av kunnskap frå folkehelsedata til gjennomføring av tiltak som kan målast på befolkningsnivå.</p> <p>Sikre naudsynt bemanning og lokalitetar til helsetenesta for å kunne imøtekomme folkevekst og forplikting i samhandlingsreformen.</p> <p>Sikre god tilgang til fastlege, og reelt legevalg, for noverande og framtidige innbyggjarar.</p> <p>Saman med andre kommunar delta aktivt i arbeidet med å fremje samhandling med spesialisthelsetenesta (samhandlingsreformen).</p> <p>Innføre nasjonalt legevaktsnummeir og etablering av nytt digitalt nødnett.</p> <p>Styrke den kommunale helsetenesta si beredskap og gjennomføringskraft ved større krisar og hendingar, både fysiske og psykososiale.</p>	<p><b>Legetenesta</b> Meland skal kunne tilby fastlege til eigne innbyggjarar, og at det er mogleg for innbyggjarane å bytte til fastlege innan kommunen. Ein vil arbeide for å legge til rette for 5% ledig kapasitet på fastlegeliste.</p> <p>Fastlegane i Meland skal primært vere spesialistar i allmennmedisin, eller under spesialistutdanning.</p> <p>Kommunen skal sikre tilstrekkeleg nivå på offentlege legetenester innan t.d. sjukeheim og samfunnsmedisin. Auke i tal pasientsenger på sjukeheim skal kombinerast med kapasitet sjukeheimslege.</p> <p>Arbeide for å ha hensiktsmessig lokalisering av tenesta, både med omsyn til kapasitet og tverrfagleg samhandling.</p> <p>Legetenesta skal vere aktiv/offensiv når det gjeld å ta i bruk ny teknologi og elektroniske kommunikasjonsløyser.</p> <p>Definere mål for helse i befolkninga på bakgrunn av lokale kunnskapsbaserte utfordringar.</p> <p>Oppbemanne med personell for å ivareta nye tenestebehov basert på folkevekst, overføring av oppgåver frå Staten/andre, og inngåtte avtalar med andre kommunar og / eller helseføretak.</p>					

Vi skal sikre god tilgang på fysioterapiteneste og rehabilitering.		Delta aktivt i interkommunale fora og samfunnsmedisinsk utvikling.  Inngå avtaler om helseberedskapssamarbeid. Delta i nettverk, øvingar og . Gjennomføre endring i rutinar og opplæring i samarbeid med regionen.					
	<b>Psykisk helse/rus</b> Dokumentere god tenesteyting innan førebyggjande verksemd for barn, unge og familiar i risikogrupper for utvikling av rus og/eller psykiske relaterte vanskar.  Fremje brukarane sin sjølvstende og tilhørighet, samt å styrkje evna til å meistre eige liv utfrå ressursar, ønskjer og mål.  Dokumentere god forvaltning og tenesteyting som gjev menneske med psykiske lidingar eller rusvanskar rett hjelp til rett tid etter BEON prinsipp.  Sikra meir systematisk samhandling med frivillig sektor for å sikre førebyggjande tiltak for ulike målgrupper innan psykisk helse.	<b>Psykisk helse/rus</b> Meland må gje tenesteyting innan førebyggjande verksemd for barn, unge og familiar i risikogrupper for utvikling av rus og/eller psykiske relaterte vanskar.  Kommunen sine tilbod må leggja til rette for deltaking i meningsfulle aktivitetar og inkludering i eit sosialt felleskap for målgruppa.  Meland vil etablere bumiljø med oppfølging frå miljøterapeutisk team, som bistår den einskilde i å etablere seg og leve mest mogleg sjølvstendig i eigen bustad/bumiljø. Ein må supplere bustadtilbod med buløysingar som som inkluderer døgnbasert miljøterapeutisk tiltak.  Meland kommune må sikre tilgang til kompetanse innan forvaltning iog tenesteyting jamfør lovkrav innan psykisk helse og rus.  Kommunen skal systematisk legge til rette for tilbakemeldingar og brukarundersøkingar frå pasient, brukar og pårørande slik at tilbodet i kommunen blir tilpassa dykkar behov.					
	<b>Helsestasjon</b> Tidleg identifisering av overvektsutvikling, samt barn og unge som slit psykisk.  Tidleg intervensjon av barn i risiko.  Ha tilbod om tenleg tiltaksmeny etter identifisering av behov hjå barn, unge og foreldre.	<b>Helsestasjon</b> Auka kapasitet ved helsestasjon (personell og kompetanse)  Tilby helseopplysning og vere pådrivar for helsefremjande tiltak i helsestasjon og skule.  Vere aktiv bidragsytar for å styrkje foreldrerolla sin betydning for oppvekstvilkår					
	<b>Rusmiddelbruk</b>  Alkoholbruk er kun akseptabelt for dei med lovleg alder og berre når risiko for negative konsekvensar for ein sjølv og andre er minimale  Legemidlar skal berre brukast til dei føremål dei er tiltenkt  Løysemidlar/gassar (bensin, tynnar, lim og lignande) skal berre nytta til tiltenkte føremål.  Illegale rusmidlar vert ikkje nytta i det heile.	<b>Rusmiddelbruk</b> Bidra til å informera om kunnskap om foreldrerolla sin betydning i heile barne- og ungdomstida.  Nytte tiltak som har dokumentert effekt på auka debutalder for rusbruk  Sikre ruskonkurrerande tiltak for unge, samt styrkje frivillige tiltak/organisasjonar sin rusfrie profil  Sikre rusførebyggjande møtepunkt og samhandling mellom kommunale instansar, frivillig sektor, kyrkje, lokalt næringsliv og ungdomskulturelle miljø.  Styrkja heile det kommunale tenestetilbodet sin rusførebyggjande kompetanse, samt styrkja det sivile samfunnet sin rusførebyggjande innsats og ansvar.					

		<p>Føre ein aktiv alkoholpolitikk innafor dei rammeir som alkohollova set, og som på best mogleg måte reduserer skadeverknadene for alkoholbruk.</p> <p>Innhente og systematisere informasjon om rusutvikling (trender) i ungdomsmiljø for å vidareutvikle rusførebyggjande tiltak og strategiar.</p> <p>Vidareutvikle skulen sin kompetanse på arbeid med ungdom i risikosona i tett samhandling med eksterne samarbeidspartar som t.d. politi.</p> <p>Tilby individuelt tilpassa tilbod til rusutsette personar og pårørande.</p> <p>Vidareutvikle kompetanse, rådgjevnings- behandlings- og ettervernstilbod til rusavhengige</p> <p>Vidareutvikle kommune sitt helsetilbod inkl. legemiddelassistert rehabilitering til rusavhengige, samt redusere fare for overdose og alvorleg psykisk sjukdo.</p>					
	<p><b>Fysioterapi</b> Auke førebyggjande kapasitet ovanfor:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- barn og unge samt auka tid for samarbeid med helsestasjon, barnehage og skulehelseteneste.</li> <li>- vaksne og eldre samt auka tid for samarbeid med ergoterapi, lege m.fl.</li> <li>- samhandling med heimeteneste, institusjon og spesialsithelseteneste (sjukehus),</li> <li>- lege, arbeidsgjevar og NAV for å sikre effektive tiltak for den einskilde og m.a. motvirke langvarig fråvær frå arbeidsliv.</li> </ul> <p>Styrke utadretta kapasitet med omsyn til kvardagsrehabilitering for menneske med nedsatt funksjonsevne.</p>	<p><b>Fysioterapi</b> Auke kapasitet ved frekhaug Fysioterapisenter (driftstilskot, personell og kompetanse)</p> <p>Utrede og planlegge auka kapasitet tenlege lokalitetar - som og legg til rette for aktiv samhandling med samarbeidspartar.</p> <p>Bidra til å etablere eit kommunalt rehabiliterings team med fokus på tverrfaglege tiltak og tenesteyting.</p>					

KOMMUNEPLAN Kva gjer vi – sosial	Temaplan – SOSIAL		Handlings- og tiltaksplan				
<p>Barnevern skal gje råd, rettleiing og hjelpetiltak som kan bidra til at foreldre og føresette sjølv kan klare sine omsorgsoppgåver.</p> <p>Vi vil leggje til rette for at barn og barnefamiliar med særskild trong for hjelp får ein betre kvardag og trygge oppvekstvilkår.</p> <p>Vi skal ha tett oppfølging av personar som står utanfor arbeidsliv, med spesiell fokus på unge under 24 år.</p> <p>Hjelpe foreldre å kome i inntektsgjevande arbeid og/eller rett til trygdeytning</p> <p>Det skal vere eit samarbeid med skule, næringsliv og helsevesen for å hindre at ungdom fell ut/sluttar i skule/vidaregåande.</p> <p>Menneske med psykiske lidningar skal inkluderast i kommunen sine lokalmiljø, m.a. gjennom hjelp til etablering av gode bustader og deltaking i</p>	Mål	Strategi	Tiltak	År	0-24	25-67	67 +
	<p><b>Barnevern</b> Arbeide for at foreldre får bistand til å bli gode omsorgspersoner for sine barn.</p> <p>Fokus på førebyggjing og kompetanse</p> <p>Sikre forvaltningskompetanse som gjev god kvalitet på vurdering og sakshandsaming.</p> <p>Møte brukarane med respekt og tydelighet.</p>	<p><b>Barnevern</b> Vektlegging av rettleiing og førebyggjing med omsyn til foreldrerolla og tenlege oppvekstvilkår for barn og unge. Barnet behov er i fokus.</p> <p>God og forpliktande samhandling med samarbeidspartar</p> <p>Foreldreveiledning/kurs til foreldre/foreldregupper</p> <p>Kurs og opplæring til de som treffer barna i barnehage, skole, osv.</p> <p>Vedlikehold og vidareutvikling av ulike samarbeidsfora (skolehelseteam, basisteam b.h., konsultasjonsteam, barnefaglig råd)</p> <p>Kompetanseheving av personale – ha tilgang på personell som har utd. utover grunnutd.</p>					
<p><b>Arbeid og fattigdom</b> NAV skal bidra til høg sysselsetting, låg ledighet og eit inkluderande arbeidsliv i Meland.</p> <p>NAV skal bidra til å sikre born og unge gode oppvekst- og levekår.</p> <p>NAV skal bidra til å betre levekåra for vanskelegstilte.</p>	<p><b>Arbeid og fattigdom</b> NAV vil vidareføre ungdomssatsinga, med eigen lokal ungdomskontakt. Skal ha tett samarbeid med OT/PPT, andre NAV kontor, næringsliv, behandlingsskule mfl. For å hindre at ungdom fell ut av skulen.</p> <p>Etablere lågterskeltilbod meg eigen oppfølgingsressurs, eventuelt med interkommunalt samarbeid.</p> <p>Aktiv bruk av vilkår (§20) om arbeidsplikt, samt regelmessig kartlegging av alle mottakarar av sosialhjelp med sikte på rask avklaring for overgang til arbeid eller trygdeytning.</p> <p>Sikre tett oppfølging av personar som er ledig i meir enn 3 månader samt personar med nedsett arbeidsevne.</p> <p>Sikre eit kompetent og samarodna integreringsarbeid for busetting flyktningar og innvandrarakar med omsyn til m.a. språkopplæring, arbeidsliv og integrering i samfunnet.</p> <p>Auka marknadskontakt og kunnskap. Etablere eit arbeidsretta mottaksrom på NAV, med tilsette som tenkjer «Arbeid først».</p> <p>Aktivt nytte tenlege arbeidsmarknadstiltak for å redusere hindringar mellom arbeidsliv og arbeidssøkjjar.</p> <p>Auke bruken av Kvalifiseringsprogram jamfør §29 i Lov om sosialtjeneste i NAV.</p>						

<p>tilrettelagde aktivitetar.</p> <p>Vi skal ha ein berekraftig utbyggingstakt.</p> <p>Vi skal legge opp til ein utbyggingsspolitikk som reduserer trongen for transport.</p> <p>Ved planlegging av nye bustadfelt skal det vere tilrettelagt for gode møteplassar og aktivitetsfremjande uterom.</p>		<p>Sikre tverrfagleg samarbeid for personar som treng koordinerte tenester, inklusiv bruk av individuell plan.</p> <p>Bidra til regionalt samarbeid innan opplæring og kompetanseoverføring samt felles tiltak for ulike målgrupper som t.d. busetting flyktningar.</p> <p>Sjå til at familiar med born vert sikra forsvarleg og tilstrekkeleg yting, samt vurdere stønad til opplevingar/aktivitet til born og unge i familiar med låg inntekt.</p> <p>Bidra til å vidareføre førebyggjande verksemd og fokus på ungsdom og privat økonomi.</p> <p>Tilby gjeldsrådgjeving til dei som ikkje sjølv klarer å ordne opp, eller står i fare for å etablere omfattande økonomiske vanskar.</p>					
<p>Meland kommune skal sikra gode utemiljø for innbyggjarar i alle livsfasar.</p> <p>Kommunen skal stimulera til auka differensiering i bustadmarkarknaden med omsyn til storleik, pris og eigedomstilhøve.</p> <p>Det skal avsetjast naudsynt areal til offentleg infrastruktur i samband med nye bustadområde.</p> <p>Flyktningar skal integrerast i ordinære bumiljø.</p> <p>Meland kommune skal leggja til rette for differensiert busetnad i NLF område.</p>	<p><b>Bustad</b> Lokalisere og tildele bustadene på ein måte som byggjer opp under den enkelte leigetakar sin evne til å bu i ein positiv sosial samanheng.</p> <p>Sikre at kommunen har eit tilbod om bustad til alle som treng det, på ovannemnde vilkår.</p> <p>Synleggjere samanhengen mellom eigedomsforvaltninga og andre tenesteområde når det gjeld oppfølging av den enkelte leigetakar sin evne til å bu.</p> <p>Etablere, forvalte og tildele den kommunale bustadmassen på ein slik måte at behov på kort og lengre sikt vert ivaretatt.</p>	<p><b>Bustad</b> Evaluere eksisterande oversikter over dei samla kommunale bustadene, og vurdere kva for bustader som er eigna til ulike føremål/målgruppe. Dette inkluderer og vurderingsgrunnlag for om det er kommunale bustader som kan seljast.</p> <p>Utgjeie kva kommunen kan gjere for å sikre at ein har kommunal bustadmasse som er tilpassa innbyggjarane sine bustadbehov på kort og lengre sikt. Har kommune tilstrekkeleg variasjon i noverande bustadmasse? Treng kommune å supplere med andre bustadtypar – t.d. Bustad + konsept med nye fellesskapspløysingar for aktuelle målgrupper?</p> <p>Vidareutvikle tverrfagleg koordinering mellom ulike tenesteområde med omsyn til rutinar, ansvarsdeling og rolleavklaring i høve tildeling, forvaltning og oppfølging av kommunale bustader.</p> <p>Dokumentere behov for kommunale tenester til individretta tenesteyting og bu-oppfølging på kort og lengre sikt uavhengig livsfase. Må nytte årleg oppdatert prognose som grunnlaget for innspel til kommunen sin økonomiplan investering.</p> <p>Det vert utarbeida eiga Bustadmelding for Meland kommune.</p>					

KOMMUNEPLAN Kva gjer vi - omsorg	Temaplan – OMSORG		Handlings- og tiltaksplan				
	Mål	Strategi	Tiltak – døme	År	0-24	25-67	67 +
Samhandling mellom brukar, tenesteytar, pårørande og lokalsamfunn skal fokusera på valfridom, tryggleik og fleksibilitet.	Meland skal sikra heilskapleg samansetning av tenestetilbod.  Omsorgstenester skal vere trygge, sikre og forsvarlege.	Satse på Aktiv omsorg og kvardagsrehabilitering  Satse på helsefremjande arbeid, førebygging og rehabilitering  Vidareutvikla samarbeid og samhandling med frivillig sektor.  Sikre Etisk refleksjon som metode i forvaltning og tenesteyting.	Kompetanseheving Aktiv omsorg Nettverk kvardagsrehabilitering  Avlastning barn og unge – driftsendringar  Ny ressurs koordinator/forvaltning  Auke fysioterpitimar institusjon Logoped vaksne  Dagaktivitet demens  Kompetanseheving arbeidslag + helsefremjande arbeidsplassar (inne/ute)  Heiltidskultur/arbeidstidsordning Meland sjukehim  Samarbeidsavtale frivilligsentral	2015 2015			
Vi skal tildela tenester og bustader etter prinsipp om Beste Effektive Omsorgs Nivå (BEON).	Meland skal sikre god balanse mellom ulike nivå i omsorgstrappa, tilpassa behov i befolkning.	Vidareutvikle koordinering og forvaltning ved tildeling og revurdering av av tenester (kapasitet, kompetanse og fagmiljø)  Sikre godt samarbeid med eksterne samarbeidspartar, både interkommunalt og med spesialstheseteneste.	Kapasitet palliasjon med 1 plass (rom Solkroken frå 9 til 10)				
Tenestene skal ytast i eigen heim så lenge den einskilde ønskjer det, og det er fagleg forsvarleg.	Meland sine omsorgstenester skal vere samordna og prioritere tverrfagleg samarbeid og samhandling.	Vidareutvikla kapasitet og kompetanse til at tenestemottakar kan bu heime så lenge det er fagleg forsvarleg og tenleg.  Styrke førebyggjande tilbod om dagaktivitet demens	Auke tal korttid og rehabiliteringsplassar frå 7 til 9				
Institusjonen skal primært gje tilbod om korttidsopphald og sekundært langtidsopphald.	Omsorgstenesta ivareta brukarmedverknad.  Meland skal sikre forsvarleg forvaltning ved tildeling av tenester	Auka satsing på korttids- og rehabiliteringsopphald for å motvirke trong for langtids plass  Vidareutvikla eit samla avlastningstilbod som gjev pårørande naudsynt støtte.  Opparbeida kompetanse på omsorgsteknologi.	Kapasitet langtid frå 17 til 20 pasientar  Kapasitet langtid frå 20 til 22 pasientar	2016 2018			
Etablere tilstrekkeleg tal omsorgsbustader, korttids- og rehabiliteringsplassar knytt mot behov og venta auka i befolkninga.	Meland skal bygga forvaltning og teneste på prinsipp om eigenmestring og hjelp til sjølvhjelp.	Vidareutvikle og systematisere strategi og tiltak for fagleg utvikling og kompetanseheving med fokus på lærande organisasjon.  Etablere tenestestandard (service erklæring) som tydeleggjer kvalitetskrav og er forventningsavklarande.	Utarbeide og revidere prosedyrer og tenestestandard innan omsorg jamfør KF Kvalitetstyring				
Menneske med psykiske lidingar skal møta eit tenesteapparat med høg kompetanse innan førebygging, diagnostisering og behandling.			Alle avdelingane innan omsorg skal utarbeide service-erklæring.  Brukarundersøking	2015 2016			

